

**Sakshandsamar:**Torbjørn Hasund
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no
Tlf.: 93004685**Vår ref.**

Sak nr.: 18/7527-7

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

NVE

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO**Dato**

LEIKANGER, 29.10.2018

Utvik Elektrisitetsverk - Søknad om løyve til nye Utvik kraftverk i Stryn kommune.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde saka opp i møte 18.10.2018 og gjorde slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gitt løyve til nye Utvik kraftverk, då vi vurderer at dei samfunnsmessige fordelane av tiltaket er større enn ulempene. Vurderinga er knytt til det vi i dag veit om biologisk mangfald i tiltaksområdet.
2. Verknadane tiltaket kan få for både terrestrisk og akvatisk biologisk mangfald er ikkje godt nok utgreidde, og bør undersøkast nærare.
3. Vurderingane knytt til nyare tids kulturminne må leggjast til grunn i vidare handsaming.

Med helsing

Torbjørn Hasund
rådgjevar*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*Vedlegg:
SaksutgreiingKopi til:
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/7527-3

Utvik Elektrisitetsverk - Søknad om løyve til nye Utvik kraftverk i Stryn kommune.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gitt løyve til nye Utvik kraftverk, då vi vurderer at dei samfunnsmessige fordelane av tiltaket er større enn ulempene. Vurderinga er knytt til det vi i dag veit om biologisk mangfald i tiltaksområdet.
2. Verknadane tiltaket kan få for både terrestrisk og akvatisk biologisk mangfald er ikkje godt nok utgreidde, og bør undersøkast nærare.
3. Vurderingane knytt til nyare tids kulturminne må leggjast til grunn i vidare handsaming.

Vedlegg:

Søknad om løyve til nye Utvik kraftverk.

SAKSFRAMSTILLING

1. BAKGRUNN FOR SAKA

Det er søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av nye Utvik kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Utvik kraftverk vart øydelagt i ein intens regnflom i juli 2017. Oppbygginga av eit nytt kraftverk er planlagt med inntak ved det gamle inntaket på kote 280, og med ny plassering av kraftstasjonen på kote 0. Kraftstasjonen blir dermed plassert lenger nede og på andre sida av elva i høve til den gamle kraftstasjonen. Vassvegen skal delvis fylgje den gamle traseen og vil bli nedgraven over heile strekninga. Det er ikkje naudsynt med ny veg.

Middelvassføringa i Storelva er berekna til 1200 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2550 l/s. Kraftverket får ein installert effekt på ca. 5,8 MW og vil etter planane gje ein årsproduksjon på om lag 18 GWh. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 90 l/s heile året. Dette svarar til den berekna verdien for alminneleg lågvassføring. Tiltaket er ikkje tidlegare vurdert etter vassressurslova. Alle kraftverka er bygde konsesjonsfritt, og det er ikkje krav om minstevassføring i dag.

Tiltaka vil i stor grad samsvare med og ligge på same staden som eksisterande kraftverk. Inntaksdammen vil ligge på same stad og på same kotehøgde som eksisterande inntaksdam, men vil verte modifisert og tilpassa ny kapasitet på kraftverket. Vassvegen vil delvis verte lagt i same trase (øvt) og delvis ny trase. Ny trase vil i stor grad gå i dyrka mark. Dyrka mark vert reetablert over traseen. Kraftstasjonen vert plassert på austsida av elva, den gamle ligg på vestsida.

2. VURDERINGAR OG KONSEKVEN SAR



Miljø, biologisk mangfald og naturressursar.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i naturbasen som kan verte påverka, men det er heller ikkje gjennomført noko kartlegging av biologisk mangfald. Det tilseier at det bør gjennomførast kartlegging av biologisk mangfald. Det er eit viktig prinsipp at vurderingar og undersøkingar må stå i stil med dei verknadar tiltaket kan få. Det er gjort ei enkel vurdering av funnpotensialet som munnar ut i ei avvising av at det kan finnast biologisk mangfald av verdi i området som vert påverka. Utifrå at delar av elvestrekninga ser ut til å ha nordvendt kløft med bratte kantar, kan det vere potensial for sjeldne fuktkevjande artar.

Som eit minimum må det leggjast til grunn ei skildring av kjent kunnskap om biologisk mangfald, og ei vurdering av funnpotensiale med bakgrunn i ei samanstilling av eksisterande kunnskap. At tiltaket ikkje tidlegare er vurdert etter vassressurslova, og at det ikkje er krav om minstevassføring i dag, understrekar behovet for vurderingar knytt til biologisk mangfald, og då særskilt for akvatisk miljø.

Kulturminne frå nyare tid

Storelva har vore nytta til kraftproduksjon sidan 1914. Det er no planar om å byggje eit nytt kraftverk til erstatning for 3 eldre kraftverk. Den gamle inntaksdammen på kote 280 skal moderniserast og nyttast i det nye anlegget. Inntaket her har vore utbetra ved fleire høve, men står likevel fram som ein dam utført i naturstein. Inntaksdammen saman med deler av den klinka røyrleidninga og den eldste kraftstasjonen må reknast som viktige vassrelaterte kulturminne. Ved utbetring av dammen og tilkopling av ny røyrgate må det takast spesielt omsyn til dei kulturhistoriske verdiane til den steinsatte dammen. Det same gjeld delar av den gamle klinka vassleidninga. Ein del av denne røyrleidninga bør takast vare på som eit kulturminne.

Det går fram av søknaden at den eldste kraftstasjonen, Utvik I, frå 1914 ikkje vart skada under flaumen i 1917. Denne kraftstasjonen er ein av dei eldste i Nordfjord, den har ein høg symbolverdi og må reknast som eit viktig kulturminne for Utvik. Det er positivt at søkjar har drøfta moglegheita for å ta vare på kraftstasjonen som eit kulturminne. I konsesjonssamanheng bør dette vurderast som ei viktig avbøtande tiltak.

Kulturlandskapet rundt kraftverket er prega av store opne areal med dyrka mark og den knappe og skogdekte reina ned mot elva. Utifrå omsyna til kulturlandskapet ser vi det som ein stor fordel at den svært eksponerte 22 kV kraftlinja vert lagt i kabel langs røyrleidninga, og at transformatoren vert plassert på bakken eller inne i den nye kraftstasjonen.

Ved ein ev. tildeling av konsesjon, der viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av tiltak, må tiltaka justerast slik at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst moglege synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

3. KONKLUSJON

Fylkesrådmannen meiner fordelane er større enn ulempene og at det kan bli gitt konsesjon til eit nytt Utvik kraftverk. Det bør likevel undersøkast nærare kva konsekvensane for akvatisk og terrestrisk miljø kan bli av tiltaket, og kva tiltak som kan gjerast for å avbøte ev. negative verknader for desse. Avbøtande tiltak med omsyn til kulturminne må òg vurderast.